



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2561 - 18/25891

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
24.08.2018

Oversender søknad om utvida bruk av avkjørsel til uttale - gbnr 172/26 og 66 Hopland

Tiltak: midlertidig anleggsvei
Byggjestad: Gbnr: 172/26 og 66
Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS


Saka gjeld søknad om etablering av mellombels anleggsveg over område sett av til leikeplass (f_LEK 2) og turdrag (f_TD1) i reguleringsplanen for Nilshøyen. Føremålet med anleggsvegen er for å få tilkomst til det regulerte feltet Sjøvold for å kunne starte med arbeid med infrastrukturen (VA-anlegg og interne vegar) i dette feltet. Den mellombelse anleggsvegen krev at det vert gjeve utvida bruk av avkjørsel til fylkesveg 401, då reguleringsplanen for Nilshøyen ikkje har regulert tilkomst for anna enn til dei eigedommane som går fram av reguleringsplanen.



Rød strek viser anleggsveg




Den mellombelse anleggsvegen og bruk av avkjørsel til fylkesveg 401 vil kun gjelda fram til krysset ved fylkesveg 402 er bygd og godkjent slik det er utforminga i reguleringsplanen for Seim skule.



Utbetring av dette krysset er eit arbeid som Lindås kommune står for. Staus for dette arbeidet er at ein heldt på med vurdering av anbud og val av entreprenør. Så fort utførande entreprenør er på plass, er det forventa snarleg oppstart av byggearbeida. Det er såleis snakk om ei kort tid anleggsvegen vert nytta.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen planid. 1263-201101 er sett av til leikeplass, f_LEK2, og turdrag, f_TD1 .



Utdrag av reguleringsplanen for Nilshøyen som viser kryss til fylkesveg 401 som skal nyttast for anleggsvegen.

VURDERING

Lindås kommune er positiv til at utbyggar får etablert anleggsvegen og får satt i gang nødvendige arbeider med infrastrukturen i reguleringsplanen for Sjøvold. Det er inngått avtale om mellombels vegrett over gbnr 172/20 og 16. Då det er snakk om svært avgrensa tid at anleggsvegen skal nyttast, så kan vi ikkje sjå at det vil medføra ulemper at krysset ved fylkesveg 401 vert nytta.

Veglova

Lindås kommune ber om uttale frå Statens Vegvesen i forhold til utvida bruk av regulert avkjørsel til fylkesveg 401. Vi ber om rask tilbakemelding i saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 172/26 og 66 Hopland (org pdf)

Søknad om tillatelse til tiltak 172/26 og 172/66 SEIM

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 172/26 Hopland

Søknad om dispensasjon

Nabovarsel

Følg brev til dispensasjonssøknaden

Kart for vann og avlaup

Midlertidig vegrett

Gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett

Skriv frå Statens vegvesen

Kopi til:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
------------------------------	-------------	------	-----------